

Olje- og energidepartementet  
v/ ekspedisjonssjef Andreas H. Eriksen og underdirektør Anja Skiple Ibrekk  
Postboks 8148 Dep  
0033 Oslo

Bergen, 1.10.2019

## Høringsuttale til “Nasjonal ramme for vindkraft på land”

Olje- og energidepartementet sendte 1. april 2019 forslaget frå NVE om ei «Nasjonal ramme for vindkraft på land» ut på høyring. Høyringsfristen vart sett til tysdag 1. oktober 2019. Her fylgjer Naturvernforbundet Hordaland sitt innspel.

### Samandrag og konklusjon

Naturvernforbundet er mellom organisasjonane som i fleire år har etterlyst ein samla plan for vindkraftutbygging i Noreg for å sikra betre styring. Planen som no ligg på høyring, kjem først etter at nær 100 vindkraftkonsesjonar er gitt. Områda som er føreslått som “best eigna” for vindkraft av NVE, er i all hovudsak nye naturområde med få eller ingen menneskelege inngrep, og inneber ei tilrettelegging for ei ny bølge av storskala nedbygging av viktige natur- og friluftsområde, på toppen av dei som allereie har fått konsesjon.

Føremålet med planen var mellom anna at den skulle vera eit konfliktdempande verktøy. På grunn av for låg verdisetting av natur, landskap og friluftsområde, fråverande lokal forankring og manglande medverknad har det motsette skjedd. I Hordaland opplever me eit enormt engasjement mot vindkraft som følgje av rammeplanen, og særskilt i områda som er peika ut som “best eigna” av NVE. Folk opplever det som sterkt provoserande å få tredd nedover hovudet ein plan som kan leggja til rette for omfattande industrialisering av nokre av dei viktigaste natur- og friluftsområda i fylket.

Me meiner likevel at kartleggingsarbeidet og kunnskapsinnhentinga i prosessen med nasjonal ramme for vindkraft har vore eit viktig steg i rett retning, og me meiner at dette arbeidet må førast vidare. Derfor ynskjer me ikkje at ramma eller kunnskapsgrunnlaget

som har blitt opparbeidd skal skrotast, men den må ha langt tydelegare eksklusjonskriterium som inkluderer raudlista artar og truga naturtypar, store, intakte naturområde, nærområde til verneområde, viktige friluftsområde, villrein- og tamreinområde.

**Ettersom områda som er peika ut og “nesten peika ut” i Hordaland utelukkande består av inngrepsfrie naturområde, randsonar til Folgefonna nasjonalpark, føreslåtte verneområde, verdifulle friluftsområde, sårbart høgfjell og lokalt, regionalt, nasjonalt og til og med internasjonalt viktige naturområde, krev me at alle områda som NVE har peika ut i Hordaland vert tekne ut av nasjonal ramme for vindkraft på land.**

Me viser elles til, og stiller oss bak krava i uttalane frå Noregs Naturvernforbund, Forum for Natur og Friluftsliv Hordaland og våre lokallag i Hordaland.

## Bakgrunn

Utgangspunktet for våre innvendingar mot den nasjonale rammeplanen for vindkraft, er som det står i NOU 1998:11 «Energi og kraftbalansen i Norge mot 2020» at i eit marknadsstyrt system kan miljøkostnader og økosystemtenester ikkje utan vidare målast i kroner og øre, og at på den måten kjem det ikkje fram at dei samfunnsmessige ulempene ved energiproduksjon kan bli større enn samfunnsnytta. Dette er tilfelle ved nasjonal rammeplan for vindkraft. Dessutan er kunnskapsgrunnlaget for svakt, slik at det er altfor lett å gjera uopprettelege feilgrep, noko som er tilfelle i dei fleste av dei områda som NVE har peika ut i rammeplanen. I tillegg er det etter vår meining brukt feil kriterium for utveljing av dei mest eigna område for vindkraft. I samsvar med dette konkluderer dei aller fleste av dei kommunar og fylkeskommunar som har uttala seg med at rammeplanen bør trekkast tilbake eller endrast radikalt.

Vår innvending er todelt: for det første er det ein plan utan demokratisk forankring, og for det andre er kunnskapsgrunnlaget altfor mangelfullt, og NVE har sett fullstendig bort frå §9 i Naturmangfaldlova om «føre-var-prinsippet».

## Demokrati og medverknad

Den manglande demokratiske forankringa kan nedfella i følgjande to punkt:

- 1. Staten overkøyrer kommunar og fylkeskommunar i planprosessen. Områda NVE har peika på, har ikkje vorte valde ut i samråd med dei råka kommunane og fylkeskommunane.**
- 2. Dersom områda som er peika ut vert ståande i rammeplanen, vil kommunane ha blitt stilte fullstendig på sidelinja i det som vil vera eit statleg overgrep utan sidestykke. Kommunane vert ståande att som taparar både når det gjeld tap av verdifulle natur- og friluftsområde, og mangel på demokrati.**

### 1. Overkøyring av kommunar og fylkeskommunar

Både den folkelege og politiske motstanden er massiv og unison. Ifølgje NVE er 97 kommunar råka av dei 13 utpeika områda. Av desse har 68 kommunar tatt stilling til vindkraftutbygging, og av desse har berre to kommunar uttala seg positivt. I Hordaland har samtlege kommunar i dei utpeika områda sagt nei til vindkraft i dei utpeika områda, og eit samla, tverrpolitisk fylkesting krev at alle areala i Hordaland vert tekne ut av nasjonal ramme for vindkraft. Fleire lokale protestgrupper har blitt oppretta for å bevare natur- og friluftsområda sine, og det har vore gjennomført fleire demonstrasjonar og markeringar.

I Hordaland vil vindkraftutbygging på land gje store og uopprettelege inngrep i sårbar natur og landskap, i strid med målsettinga i FN-rapporten om biologisk mangfald. Fleire av kommunane viser til at innbyggjarane sin identitet ofte er sterkt knytt til naturen og landskapet der dei bur. Når folk opplever at identiteten deira er truga, seier dei kraftig ifrå. Mange kommunar viser også til at dei alt har gitt store bidrag til fornybar kraftproduksjon gjennom vasskraftutbygging, og etterlyser ei betre vurdering av framtidige produksjonsmål for vindkraft, sett i forhold til energisparing/effektivisering og til andre fornybare energiformar. Regjeringa si stortingsmelding «Kraft til endring – energipolitikken mot 2030» (St.m. 25 2015-16) gjer ingenting for å retta opp dette. I staden for å sjå tap av naturmangfald i samanheng med sikker energiforsyning og klimautfordringa, så ser ein det i

samanheng med næringsutvikling. Miljøkostnadane blir ikkje verdsette, noko som gjer at ein står endå dårlegare rusta til å gjennomføra effektive og kunnskapsbaserte avgjerder i konsesjonssaker. Utspelet frå Miljødirektoratet om at «Valget mellom fortsatt prioritering av bygging i uberørt terreng i motsetning til satsing på dyrka mark eller i tilknytning til eksisterende infrastruktur, er en annen problemstilling», er ikkje følgt opp. Men me veit nok alt no til å konkludera med at det ikkje er mogleg å driva kunnskapsbasert forvaltning og samtidig peika på intakt natur som mest eigna for vindkraftutbygging. Det er i strid med kunnskapsgrunnlaget, mot nasjonale føringar og manglar demokratisk forankring.

## **2. Udemokratisk prosess**

Det andre store ankepunktet mot planen når det gjeld demokrati, er at staten set til side alt planarbeidet som kommunar og fylkeskommunar har lagt ned gjennom mange år for å ta vare på naturgrunnlaget til føremål som landbruk, naturvern og friluftsliv. Storskala vindkraftutbygging som nasjonal ramme slik den ligg føre vil leggja opp til, vil føra til at dette arbeidet og dei verdiane som kommunane og lokalsamfunna har bygd opp over tid, blir gjort til unyttet. Samstundes legg staten til rette for at utbyggjarar, oftast eigd av utlandske investorar, får etablere vindkraftverk i dei same områda og føra verdiane ut av kommunen. Fleire års satsing på naturbasert turisme og reiseliv er brått til inga nytte. Fylkeskommunane føler seg òg overkøyrde fordi NVE ser bort frå deira vurderingar og føreslår vindkraftutbygging i område som fylkeskommunen sjølv har funne ueigna på grunn av høge verneverdiar. Konsesjonsprosessen skjer etter energilova og er fråkopla kommunal innverknad, i staden for etter plan- og bygningslova. Noko av grunnen til at dette skjer, er at NVE opererer med feil kriterium for å ekskludera område frå rammeplanen. I staden for å utelata urørte område med høg naturverdi, vert slike område vurdert som eigna for utbygging.

## **Problem med dagens konsesjonssystem**

Konfliktane knytt til vindkraft heng også saman med dagens konsesjonssystem. Som me har sett fleire tilfelle av, har kommunane lite dei skulle ha sagt i planprosessen. Kommunar som har sagt ja til utbygging, føler seg ofte lurte når detaljplanane blir lagde på bordet og

det viser seg at dei skil seg sterkt frå dei opphavlege planane som kommunen godkjente tidlegare. Det nyttar lite å argumentera overfor kraftutbyggerane etter at dei har fått konsekisjon. Vindturbinane blir gjerne opptil 200 meter høge, medan dei var vesentleg mindre på teiknebrettet. Ofte er staten inkonsekvent i styringa av arealbruken. Fleire stader går den nasjonale rammeplanen inn i regionalt viktige friluftsområde der kommunar elles får avslag på planar om å byggja ut.

## **Konsekvensar for natur og klima**


Hovudinnvendinga mot den nasjonale rammeplanen er likevel at energidelen av planen slår beina under andre deler av han, som klima, natur og miljø. For å verta ein framtidretta og berekraftig plan må den etter vår meining skjerpast vesentleg ved at den tek omsyn til dei samfunnsmessige ulempene, og tek kommunar, fylkeskommunar og lokalsamfunn med på råd før ein utviklar planen vidare.


Frå forskningshald i NTNU og NINA blir det understreka at berekraftkravet må utvidast til også å gjelda fornybar energi, og at ein må skaffa det nødvendige kunnskapsgrunnlaget før politiske vedtak om vindkraftutbygging blir fatta. Det må utarbeidast klare kriterium for korleis sambruk og gjenbruk av areal kan nyttast til kraftproduksjon slik at det ikkje går ut over intakte naturområde. Omsynet til fuglelivet må tilleggast større vekt, og NVE må byrja å ta føre-var-prinsippet meir på alvor. Og endeleg bør naturen sin eigenverdi vektleggast meir enn tilfellet har vore til no.

## **Inngrepsfri natur**

Villmarkene forsvinn i eit forrykande tempo i Noreg som i resten av verda. Medan om lag halvparten av fastlands-Noreg var villmark i år 1900, definert som natur som ligg 5 km eller meir frå tyngre tekniske inngrep, hadde me i 2013 berre 11,6 % att. Nedgangen har vore størst i Sør-Noreg, her me har mindre enn 5% villmark igjen – ein nedgang på 90 % på vel 100 år. Kvar femte art i Noreg står på raudlista over artar som står i fare for å døy ut, og øydelegging og oppstyking av leveområde utgjer 87 % av årsakene til at artar døyr ut i Noreg.

→ **Villmarkspregede områder i Norge**


 Villmarkspreget  
(natur som ligger 5km eller  
mer i luftlinje fra  
tyngre tekniske inngrep)




KILDE: Direktoratet for naturforvaltning 2009 / miljøstatus.no

I fjor kom FNs klimapanel med ein rapport som viser at me må gjera endringar som menneskeheita aldri har sett maken til, om me skal ha sjanse til å bremsa global oppvarming frå å overstiga 1,5 grad samanlikna med før-industriell tid. Det er framleis fossil energi som med stor margin dominerer energimiksen i verda, og dei fleste er einige om at det er eit stort og akutt behov for mykje meir fornybar energi på verdsbasis – men global oppvarming er ikkje den einaste miljøkrise verda står overfor. I mai kom FNs naturpanel med rapporten som viser at tapet av den naturlege verda og utryddinga av artar på jorda er eit minst like farleg og akutt problem som global oppvarming. I år kom også FNs klimapanel med ein tilleggsrapport som viser at vern og restaurering av natur også er ein sentral del av løysinga på klimakrise. Vegen mot det miljøvenlege, berekraftige samfunnet må derfor bestå av løysingar som tek vare på naturen, av omsyn til både klimaet og arts-mangfaldet.

I Hordaland er nær 60 % av alle vassdraga bygde ut, og mange stader i fylket er det berre små restareal med intakt og inngrepsfri natur att. Likevel er det slike område NVE peikar ut som best eigna for vindkraft.



Karta viser dei inngrepstrie naturområda (INON) som er peika ut som best eigna for vindkraft i Hordaland. Dei grøne felt viser INON-område, og dei raude område viser INON-område som er peika ut som best eigna for vindkraft av NVE. Kjelde: Pan/Harvest Magazine



Også det "nesten utpeika" området, 57.7, utgjer eit stort område med intakt natur.

## **Karbonlagrande økosystem og vern mot klimaendringar**

Vindkraftutbygging vert av bransjen framstilt som eit klimatiltak ettersom vindturbinane produserer utsleppsfri energi. Men som Trøndelag fylkesting har skrive, kan ein setja spørsmålsteikn ved klimaargumentet, når ein ser at vindkraftverk er planlagt i dei mest myrrike delane av fylket, og ein veit at evna til karbonbinding i myr er 4–5 gonger så stor som i skog. Her i fylket er det òg store våtmarksområde innanfor dei områda som er utpeika i rammeplanen, mellom anna i Masfjorden, Etne og Kvinnherad, og på Stord og Tysnes. Dette har ikkje NVE rekna på i det heile. Bygging av vindturbinar og anleggsvegar vil mange stader føra til utslepp av CO<sub>2</sub> og metan frå jordsmonnet, som langt på veg vil oppheva den klimagevinsten ein ønskjer å oppnå ved vindkraftutbygginga. I denne samanhengen må det også nemnast at våtmarker ikkje berre er viktige som karbonsluk, men også som magasin for vatn og flaumdempande tiltak. Å ta vare på desse økosystema er særskilt viktig i eit klimaperspektiv, både på grunn av funksjonane dei har for å lagra karbon og metan, og for den dempende verknaden dei har på ekstremvær som me vil få meir av på grunn av global oppvarming.

## **Kunnskapsmangel**

I Naturvernforbundet får me stadig saker til høyring som gjeld utbygging i urørt natur. Kommenterar til utbygginga som fylgjer med, viser oftast ein stor mangel på kunnskap om det aktuelle området.

Sjølv om det er utbygger si plikt å gjennomføra naturkartleggingar, har natur- og friluftsansjasjonar i fleire tilfelle måtta ta ansvaret for å få utarbeidd skikkelege naturkartleggingar i samband med søknadar om utbygging. Både i saka om utbygging av Øysteseelva og Kvanndalselva (Folkedal II), begge i Hardanger, var naturverdiane i vassdraga grovt underrapporterte av utbyggerane sine innleigde konsulentar. Dette kom fram då Forum for Natur og Friluftsliv (FNF) Hordaland sjølv hyrte inn konsulentar for å gjera etterundersøkingar. I Øystesevassdraget fann våre innleigde fagbiologar nesten fem gonger fleire raudlisteartar enn utbyggerane sine konsulentar fann, og i Kvanndalselva vart 15 raudlisteartar påviste i etterundersøkinga, i område der utbyggerane sine konsulentar ikkje



hadde funne nokon. Desse tilfella føyer seg inn i ei lang rekke tilsvarande saker, som vart avdekte i rapporten “Etterundersøkelser av flora og naturtyper i elver med planlagt småkraftutbygging”, utført på oppdrag av NVE: 20 vassdrag vart etterundersøkte av uavhengige fagbiologar, som konkluderte med grov underrapportering av naturverdiar i 14 av tilfella. Raudlista lav og mosar var 12,8 gonger høgare enn avdekt av utbyggarane sine konsulentar, det vart funne nesten dobbelt så mange naturtypar, herunder 14 med svært viktig verdi, der utbyggarane sine kartleggarar berre fann éin. Me har god grunn til å frykta at det same er tilfelle i vindkraftsaker. Nye overvakingsdata frå NINA har vist at fleire viktige fugletrekk langs kysten går rett gjennom konsesjonsgitte vindkraftverk i Sogn og Fjordane. Det viser at konsesjonar har blitt gitte på sviktande kunnskapsgrunnlag.

**Når det gjeld nasjonal ramme for vindkraft, vedgår NVE at ein har for lite kunnskap om faktiske konsekvensar for ei rekke tema, mellom anna for fugl, friluftsliv, flaggermus, større naturområde, reiseliv og landskap. Såleis har også utpeikinga av “best eigna område” for vindkraftutbygging skjedd på sviktande kunnskapsgrunnlag og er eit framhald av ein uholdbar forvaltingspraksis.**

## **Områda i Hordaland**

Område 50 Nordhordaland og Gulen og område 51 Sunnhordaland og Haugalandet inngår i Hordaland fylke, samt “nesten-området” 57.7 Fjella mellom Voss og Hardangerfjorden. Me omtalar her dei delane av områda som ligg innanfor grensene til Hordaland fylke og viser til uttalar frå natur- og friluftsansjonane i Sogn og Fjordane og Rogaland for dei andre delane av områda.


### **Område 50 Nordhordaland og Gulen**

I Hordaland omfattar dette området i hovudsak Masfjorden kommune. Områda som ikkje har vorte ekskluderte, omfattar mellom anna Fjonfjella vest for Romarheimsdalen, Stordalen/Kringla-området, fjellområdet Vest for Ynesdalsvassdraget og Myrdalen.

## Naturverdiar

Naturverdiane i dette området kan ikkje sameinast med vindkraftindustri. Eit talande døme på kor ueigna dette området er for vindkraftutbygging, er at Miljødirektoratet i prosessen med supplerande vern har føreslått vern av Masfjordenfjella/Fjonfjella etter innspel frå Fylkesmannen i Vestland. Seniorrådgjevar hjå Fylkesmannen, Magnus Johan Steinsvåg, sa følgjande til Bergens Tidende i samband med verneinnspelet:

*“Vi spilte det inn fordi det er et stort, inngrepsfritt område som har en viktig landskaps-økologisk funksjon i denne delen av fylket.”* - Fylkesmannen i Vestland



Kunnskapsbasen GRIND, som er Universitetet i Bergen sin portal for formidling av kunnskap om landskap og livsmiljø, skildrar Fjonfjella på følgjande måte:

*“Fjonfjella, mellom Austfjorden og Romarheimsdalen, er den einaste verkelege villmarka i fylket, bortsett frå Hardangervidda.”*

- GRIND

*Store deler av dette INON-området meiner NVE er best eigna for vindkraft.*

Sårbare fugleartar er påviste i området, som storlom og smålom. Elles er både dyre-, fugle- og plantelivet i området for dårleg kartlagt, og me stiller oss svært kritiske til at denne kunnskapsmangelen ser ut til å ha vore utslagsgjevande for at dette området er utpeika som best eigna for vindkraft av NVE. Det er openbert i strid med Naturmangfaldslova.

### ***Konfliktnivå***

Utpeikinga av området vert av NVE grunngjeve med at det er eigna ut frå eit kraftsystem-perspektiv, og sjølv om NVE erkjenner at det er viktige miljø- og samfunnsinteresser knytt til mellom anna friluftsliv, landskap og fugl i området, hevdar dei at deira “overordnede analyser tilsier imidlertid et lavere konfliktnivå i dette området enn i store deler av landet”. Etter vårt syn er det ingenting som tilseier eit lågare konfliktnivå i Nordhordaland enn andre stader, tvert imot. Det har vorte oppretta lokale folkeaksjonar mot vindkraftutbygging som har gjennomført demonstrasjonar og underskriftskampanjar. I høyringsuttalen sin tilbakeviser også kommunestyret i Masfjorden at det er eit lågare konfliktnivå i område 50, og ber om at heile området vert teke ut av rammeplanen.

**Konklusjon: Områda som er peika ut i Hordaland i område 50, består av store inngrepsfrie naturområde som er føreslått verna av Miljødirektoratet. Vindkraftutbygging her vil tvillaust få store, negative konsekvensar for sårbare fugleartar, natur og friluftsliv og er derfor ikkje eigna for vindkraftutbygging. Me krev at området vert teke ut av nasjonal ramme for vindkraft.**


### **Område 51 Sunnhordaland og Haugalandet**

I Hordaland omfattar dette store naturområde i Kvinnherad, Etne, Stord og Tysnes. Igjen ser me at det er store område med samanhengande, urørt natur som har blitt peika ut. NVE skriv i si oppsummering om valet av dette området at det trass i viktige miljø- og samfunnsinteresser knytt til mellom anna fugl, friluftsliv og busetnad, framstår som “et av de mest egnede områdene for ny vindkraftutbygging”. NVE vedgår å ha lagt mest vekt på omsyn til nettilknytning, og igjen er omsyn til natur, herunder viktige økosystem og samanhengande naturområde, konfliktnivå og friluftsliv undervurdert.

### ***Naturverdiar***

Dei utpeika områda i Hordaland består mellom anna av store myr- og våtmarksområde, mellom anna i Kvinnheradfjella, i Grønafjellet på Stord og på Tysnes. På Tysnes, og særskilt på Reksteren, finst også regnskoglokalitetar som er unike i verdssamheng. Desse områda er ikkje ekskludert av NVE og ligg såleis innafor det NVE meiner er best eigna for

vindkraft. På grunn av dei store naturverdiane på Reksteren og vestre Tysnesøy, føreslo Naturvernforbundet Hordaland tidlegare i haust opprettinga av Søre Bjørnafjorden nasjonalpark.



*INON-område på Reksteren, Tysnes, Stord, Kvernherad og Etne har blitt peika ut som best eigna for vindkraft av NVE.*

I Kvernherad er store delar av dei utpeika områda definerte som sårbart høg fjell av høg verdi, mellom anna områda kring Mjelkhaug, Englafjell, Ulvanosa og Kvannto. NVE har peika på fjellområde som går heilt opp til den særlege grensa til Folgefonna nasjonalpark, noko me finn særskilt viktig. Området er prega av leveområde for hjort og ein del leveområde/spelplassar for orrfugl. Det er minst éi potensielt viktig bekkekløft i området og to registrerte elvedelta; Uskedalselvi og Storelva ved Dimmelsvik. Det er to inngrepsfrie områda frå fjord til fjell som startar i Matersfjorden, den største går opp til fjellområda Englafjell/Mjelkhaug/Ulvanosa. I tillegg er det inngrepsfrie fjellområde ved Kvannto og mellom Uskedalen/Omvikedalen. Verdien av denne naturen har også NVE påpeika i fleire av av

slaga til vidare utbygging av vassdraga på sørsida, mellom anna i samband med utbygginga av Valen kraftstasjon. I dei utpeika områda i Kvinnherad finst mellom anna kongeørn, havørn, hubro, fjellrev, rype og orrfugl. Som me har sett frå m.a. Smøla, er vindkraft-turbinar dødeleg for fuglelivet.

På Grønafjellet på Stord har heiloen ein solid bestand i planområdet, og det er registrert minimum ti par i området Mosavatnet–Tindane–Krokavatnet. Det er påvist at heilo er særskilt sårbar for vindkraftutbyggingar. Ser ein på resten av kyststripa mellom Hardangerfjorden og Stadt, må ein mykje lenger inn frå kysten for å finna hekkande heilo. Storlomen hekkar også i området, oftast i Mosavatnet. Paret er i tillegg observert både i Krokavatnet og Inste Sørlivatnet. På Stordøya er allereie store delar av Fitjarfjellet utbygd med Midtfjellet vindkraftverk. Ei vidare utbygging av Fitjarfjellet, herunder Grønafjellet, vil vera mykje verre for storlomen enn den første. Det er også observert jordugle i området. Kongeørna fekk med den første utbygginga jaktområdet sitt monaleg redusert. Det er også registrert orrfugl, raudstilk, strandsnipe, enkeltbekkasin, tårnfalk og dvergfalk i området. Også her er kunnskapen mangelfull, og heller ikkje her er kunnskapsmangel ein gyldig grunn for å påstå at eit område er eigna for vindkraftindustri.

### **Konfliktnivå**

Også i dette området er det stort engasjement mot nedbygging av natur- og friluftsområde med storskala vindkraft. Ei lokal gruppe har blitt oppretta i Kvinnherad for å bevare fjellområda i kommunen, og markeringar mot vindkraftutbygging har blitt gjennomført både der og på Grønafjellet på Stord. Alle kommunar med område innanfor dei utvalde områda til NVE har sagt nei til utbygging i sine naturområde. I Fitjar kan ein godta ei fortetting med fleire turbinar i eksisterande vindkraftverk på Midtfjellet, men ein seier unisont nei til vidare nedbygging av fjellet slik nasjonal ramme legg opp til. Gjennomgåande kjenner kommunane seg overkøyrde frå statleg hald og opplever prosessen som arrogant og udemokratisk.

Folk i Kvinnherad peiker på at kommunen allereie har bygd ut 90 % av sine vassdrag til kraftproduksjon, og bidreg med 3 % av nasjonal kraftproduksjon, og føler dei har ofra nok

natur. Dei ynskjer å ta vare på den intakte naturen som er att, og kjenner seg verken sett eller høyrte i prosessen med nasjonal ramme for vindkraft. Bekymringane er knytte til natur, fugle- og dyreliv, friluftsliv og helse, sistnemnde både i forhold til å verta fråteken natur ein er glad i og avhengig av, og å verta utsett for lågfrekvent helseskadeleg støy.


Områda som er peika ut, er viktige rekreasjonsområde, og viktig for folk sin trivsel, bulyst og livsglede. Dette må takast på alvor. Eit illustrerande sitat for kor viktig naturen er for folk i områda er frå Arne Hauge, utdrag frå "Grenda" 8. juni:

*«Alle toppar og høgdedrag har sitt særpreg, men mellom dei alle og i kjerneområdet av gamle Kvinnherad, står fjellmassiva Melderskin og Ulvanosi med tindar og toppar rundt i ein særstilling. Har du sett desse fjella ein gong, vil du aldri forveksla dei med andre fjell og landskap. Dei er unike. Dei er ikoniske, og kunne like så vel som Dovre, Stetind og Den norske hesten vore våre nasjonale symbol. Å stå på Solfjell midt imellom dei er ei stor oppleving. Vender du deg mot nord ser du mot Melderskin og Rosendalsalpane med lyset frå den kvite fonna bakom. Vender du deg andre vegen får du Englafjell og Ulvanosi med Høgeteen, Geitadalstinden og Øktaredalsnuten midt imot, med lyset frå sola i sør som bakteppe. Du er midt i Fjellheradet og det er ekstra lett å forstå at dette unike fjellandskapet inspirerte forfedrane våre til å kalla området for Kuhind eller Fjella.»*

- Arne Hauge, "Grenda"

**Konklusjon: Områda som er peika ut i Hordaland i område 51 består av store inngrepsfrie naturområde, leveområda til ei rekke sårbare og truga dyre-, fugle- og planteartar, sårbart høg fjell, randsona til Folgefonna nasjonalpark, internasjonalt viktige regnskoglokalitetar på Reksteren, og umistelege rekreasjons- og friluftslivs-område. Dette området er ikkje eigna for vindkraftindustri, og me krev at området vert teke ut av nasjonal ramme for vindkraft.**

## “Nesten-området” 57.7 Fjella mellom Voss og Hardangerfjorden



Nok eit stort fjellområde med urørt preg vart “nesten” peika ut av NVE som best eigna for vindkraft. Hovudgrunnen til at det ikkje vart valt ut, er ifølgje NVE at det er “relativt lite”, og ikkje blant dei beste med tanke på produksjonsforhold. Me stiller oss uforståande til at det er dette som vert lagt vekt på i grunngjevinga for at området ikkje er peika ut som best eigna for vindkraft, og påpeiker at det også her er store konflikhtar knytt til natur, landskap og friluftsliv, og at kommunane i området har sagt klart nei til vindkraftutbygging i sine naturområde.

**Konklusjon: Område 57.7 er på grunn av natur, landskap, friluftsliv og konfliktnivå ueigna for vindkraftutbygging, og me krev at området forblir ekskludert i det vidare arbeidet med nasjonal ramme for vindkraft på land.**

## Oppsummering

Naturvernforbundet Hordaland støttar rammeplan for vindkraft som styringsverktøy, men den har framleis ein lang veg å gå for å verta eit verktøy for berekraftig utvikling. I forslaget frå NVE legg planen opp til å opna enorme naturområde for naturinngrep av dimensjonar utan sidestykke i Hordaland. Me kan på ingen måte godta at områda som NVE føreslår, vert ståande som “best eigna” for vindkraftutbygging på grunn av dei omfattande, negative konsekvensane dette vil ha for dyreliv, artsmangfald, økosystem, landskap, rekreasjon, friluftsliv og folkehelse. I tillegg er konfliktnivået skyhøgt på Vestlandet.

I ei kritisk tid for å bremsa global oppvarming og stoppa tapet av artsmangfald, har me ikkje råd til å gjera nye feil. Å leggja til rette for ei massiv, vidare nedbygging av intakt natur, leveområda til sårbare skapningar og karbonlagrande økosystem som også har flaum- og stormdempande effektar, er ikkje vegen å gå. I den grad vidare utbygging av vindkraft på land skal skje i Noreg, må dette vera demokratisk forankra, kunnskapsbasert og skje i alle-reie industrialiserte område, og ikkje gjennom vidare øydelegging av naturen.

Me oppmodar Olje- og energidepartementet om å ta innover seg og ha respekt for den massive og unisone folkelege og politiske motstanden mot vindkraftutbygging i Vestlands-naturen. I det vidare arbeidet med rammeplanen må eksklusjonskriteria skjerpast som nemnt innleiingsvis, kunnskapsgrunnlaget må betrast, prosessen må vera demokratisk for-ankra på alle nivå, og grunnlaget for rammeplanen må vera kunnskapen og forpliktingane som fylgjer av dei siste rapportane frå FNs klimapanel og FNs naturpanel.

Med venleg helsing

Naturvernforbundet Hordaland

Synnøve Kvamme  
Fylkessekretær

Oddvar Skre  
Gruppeleiar naturmangfald